

Gjeldande lover, forskrifter og vedtak:

Kommunehelsestenestelova og forskrifter

§ 2-1 - plikt til å yta nødvendig helsehjelp

§ 2-2 - barn har rett til nødvendig helsehjelp og i form av helsekontroll. Foreldre pliktar til å medverka til at barnet deltek i helsekontroll

Tilsette på helsestasjonen har teieplikt etter helsepersonellova

Klage/ ros:

Har du meiningar om helsestasjonstenestene/skulehelsetenesta, ta gjerne kontakt med leiande helsesøster, Cindy Litlabø, tlf. 57 62 97 20 eller e-post: cindy.litlabo@sogndal.kommune.no

Kommunen si informasjonsplikt:

Informasjon om helsestasjonen finn de i tenestetorget, på helsestasjonen og på kommunen si nettside, www.sogndal.kommune.no

Opningstider/ timebestillingar:

Ekspedisjonstelefon: 57 62 97 20

Ekspedisjonen er bemanna:

Måndag, torsdag og fredag: kl. 08 - 15.

Tysdag og onsdag: kl. 08 - 09.

Telefonar utanom ekspedisjonstida vert overført til kommunen sitt sentralbord. Sentralbordet formidlar beskjedar vidare til helsestasjonen.



Sogndal helsestasjon

Besøksadresse: Dalavegen 2b
(1. etasje på helse- og sosialsenteret)

Postadresse: Postboks 243, 6852 Sogndal



Sogndal kommune

Velkomen til Sogndal helsestasjon



Tilbod

Helsestasjonstenesta sitt mål er å fremja helse og trivsel, samt å førebyggja sjukdom og skade blant barn.

Helsestasjonen/ skulehelsetenesta er eit tilbod til barn og unge mellom 0-20 år med foreldre/ føresette. På helsestasjonen møter du helsesøster, lege og fysioterapeut.

Desse tilboda ligg under helsestasjonstenesta:

Helsestasjonen: Helsestasjonen er eit tilbod til alle barnefamiliar, der de får rettleiing av helsesøster, lege og fysioterapeut. Vi tilbyr heimebesøk til alle nyfødde. Vidare følgjer vi barnet si utvikling gjennom kontrollar ved ulike alder. Lege tilviser til andre instansar ved behov. Vi tilbyr vaksinar og tek opp tema som er aktuelle på ulike alderstrinn.

Skule: Ved 5-årskontrollen møter de helsesøster og skulelege som tilhøyrer den skulen der barnet skal vera elev. Samstundes får de informasjon om skulehelsetenesta og kontrollane som høyrer til skulehelsetenesta.



Helsestasjon for ungdom: Vi har open helsestasjon for ungdom mellom 13-20 år alle tysdagar i skuleåret kl. 14.00 – 17.00 i helsestasjonslokala. Her møter de helsesøster og eventuelt lege. Tilbodet er gratis. Inga timebestilling.

Helsestasjon for unge vaksne: Helsestasjonen har open dør for unge vaksne, 20 – 25 år, fredagar kl. 10.30– 15.00 i skuleåret. Her kan du koma med spørsmål relatert til prevensjon, seksuelt overførbare infeksjonar og seksuell helse. Gratis tilbod. Inga timebestilling.

Smittevernsoppgåver: Helsestasjonen har blant anna oppgåver ift. tuberkulosekontroll og førebygging/rådgeving når det gjeld smittsame sjukdommar.

Reisevaksinering: Vi tilbyr vaksinering og rådgeving til personar som skal på utanlandsreiser. *Det er viktig å bestilla time i god tid før avreise!*

Dette kan du forventa av oss:

Vi møter alle brukarar av helsestasjonen med interesse, respekt og høflegheit.

Vi har oppdatert kunnskap og kompetanse på barn si utvikling og kan gje relevante helseopplysningar.

Du kan kontakta oss med alle slags spørsmål, gleder og bekymringar vedrørande barnet ditt og foreldrerolla.

I samarbeid med deg tilviser vi barnet ditt til vidare undersøkingar ved behov.



Helsestasjonen kan delta i tverrfagleg samarbeid rundt barn med spesielle behov.

Du har innsynsrett i barnet sitt helsekort.

Vi har tilsette med variert spesialkompetanse.

Dette forventar vi av deg:

At du aktivt kan medverka til å vidareutvikla og forbetra tenestetilbodet vårt ved å:

- følgja helsekontrollane for barnet og gje oss beskjed viss du velgjer eit anna tilbod enn helsestasjonen
- møta til avtalt tid, eller gje beskjed viss du ikkje kan møta
- gje beskjed om eventuell adresseendring
- ikkje møta på helsestasjonen med sjukt barn utan at det er gjort spesiell avtale med helsesøster
- gje tilbakemelding dersom du ikkje er fornøgd med tenesta